

# **Eigarskapsmelding Årdal kommune**

## **2024-2027**

Vedteken av kommunestyret 6.feb 2025 KST-sak 08/25



## Innhald

1.	Innleiing .....	4
2.	Føremål med eigarmeldinga .....	6
3.	Kva ligg i eigarstrategiar, selskapsstrategiar, samfunnsansvar .....	7
4.	Organiseringsalternativ for kommunal verksemd – val av selskapsform .....	8
4.1.	Organisering innanfor kommunen.....	9
4.2.	Styre for institusjon.....	9
4.3.	Interkommunale samarbeid .....	9
4.4.	Interkommunale selskap (IKS) .....	10
4.5.	Aksjeselskap (AS).....	11
4.6.	Stiftingar.....	11
5.	Selskapsrettslege forhold, representantskap, generalforsamling, styret, dagleg leiing .....	12
6.	Årdal kommune si eigarstyring (roller og ansvar) .....	15
7.	Tilsyn og kontroll .....	18
8.	Avvikling av eigarskap.....	19
9.	Oversikt over selskap og samarbeidsformer .....	20
10.	Aksjeselskap .....	21
10.1.	Årdal Energi Holding AS .....	21
10.1.1.	Straumnett AS (tidl. Årdal Energi Nett AS).....	24
10.1.1.1.	SEIS AS .....	25
10.1.1.2.	Nettalliansen AS.....	25
10.1.1.3.	Ren AS.....	26
10.1.2.	Årdal Kraftlag AS.....	26
10.1.2.1.	Årdalsnett AS .....	27
10.1.3.	Seimsdal Kraft AS.....	30
10.1.4.	Offerdal Kraftverk AS.....	31
10.2.	ÅB Eigedom AS .....	37
10.3.	Sogneprodukt AS.....	38
10.4.	Sognlab AS.....	39
10.5.	Visit Sognefjord AS.....	40
10.6.	Sogn og Fjordane Holding AS .....	42
10.7.	Sogn Sparebank (sparebank – SPA) .....	43
11.	Interkommunale selskap og samarbeid .....	45
11.1.	Alarmsentralen IKS.....	46

11.2.	SIMAS IKS .....	47
11.2.1.	Sirkla Ressurs AS.....	49
11.3.	Sognrådet IPR (tidl. Sogn regionråd).....	50
11.4.	Sogn Kommunalt Oppgåvefellesskap.....	51
11.5.	Sogn friluftsråd.....	52
11.6.	Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap .....	53
11.7.	Kommunearkivordninga i Vestland KO.....	54
11.8	Verskommunesamarbeid .....	56
12.	Stiftingar .....	57
12.1.	Stiftinga Årdal Utvikling .....	58
12.1.1.	Årdal Teknologipark AS .....	59
12.1.2.	SITEP Startup AS .....	60
12.1.3.	Årdal Adventure AS .....	61
12.1.4.	SITEP AS .....	62
12.2.	Stiftinga Utladalen Naturhus .....	63
13.	Endringslogg .....	64

## 1. Innleiing

Kommunen har ansvaret for viktige verdiar, interesser og samfunnsfunksjonar som ut frå ulike motiv vert handtert av selskapa og føretaka.

Eigarmeldinga skal uttrykkja korleis Årdal kommune skal stå fram som eigar, og kva kommunen vil oppnå med deltakinga og eigarinteresse i selskap og kommunale samarbeid. Til skilnad frå private eigarar, der ein av drivkreftene er profitt og økonomisk verdiskaping, har kommunen som eigar eit strategisk fokus på den enkelte tenesta og kva for ein verdiskapande plass i dei totale tenestetilboda til kommunen denne har. I dette perspektivet er det nødvendig at kommunen utøver aktiv eigarstyring slik at selskapa og føretaka kan utvikle seg slik Årdal kommune, som verksemdeigar og ansvarleg for ein total tenesteproduksjon for innbyggjarane sine, meiner er riktig.

**KST-vedtak 08/25 i møte 06.02.26**

1. Kommunestyret vedtek eigarskapsmelding 2025, slik den ligg som vedlegg i saka.(**innarbeida**)
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å oppdatere selskapsinformasjon i del 2. Endringar som blir gjort administrativt skal komme fram i ein endringslogg i dokumentet.
3. Medlemmar i eigarskapsutvalet (personidentisk med formannskapet) skal ikkje vere styremedlemmar i selskap som Årdal kommune har eigarinteresser i. (**innarbeida pkt 6**)
4. Styregodtgjersle i selskap der Årdal kommune er 100% eigar skal vere lik godtgjersle for folkevalde. I selskap der Årdal kommune er ein av fleire eigarar, skal Årdal kommune oppmoda om godtgjersle lik folkevalde.
5. Folkevalde som skal ha styreverv, eller som som skal representere Årdal kommune som eigar, skal ha gjennomført opplæring.(**innarbeida pkt 6**)
6. Folkevalde som representerer Årdal kommune som eigar, skal rapportere tilbake til eigarskapsutvalet i etterkant av representantskap, generalforsamling og liknande. (**innarbeida pkt 6**)

**Selskap som Årdal kommune har eigarinteresser vert inndelt etter krav til grad av oppfølgjing:** (**innarbeida pkt 9**)

**Selskap som skal ha høg grad av oppfølgjing (2 eigarmøter pr. år i tillegg til oppfølgjing i forkant av generalforsamling):** Årdal Energi Holding AS inkl. datterselskap og tilknytte selskap, Årdal Utvikling, Sogn Vekst AS og alle IKS

**Selskap som skal ha middels grad av oppfølgjing (1 eigarmøte pr. år i tillegg til oppfølgjing i forkant av generalforsamling):** ÅB Eigedom AS og Visit Sognefjord AS

**Selskap som skal ha mindre grad av oppfølgjing (oppfølgjing i forkant av generalforsamling):** Sogneprodukt AS, Sognlab AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Sogn Sparebank og øvrige eigarinteresser.

**Årdal Energi Holding AS – framlegg til nytt føremål: (**følgjast opp i eigarskapsutvalet**)**

- Årdal Energi Holding AS har som føremål å eige og forvalte aksjar i selskap innan fornybar energi og infrastruktur innan nett- og breibandsløysingar.
- Årdal Energi Holding AS skal vere ein pådrivar for å sikre og utvikle fornybar energi og infrastruktur til innbyggjarar og næringsliv i Årdal.
- Årdal Energi Holding AS skal skaffe innbyggjarar og næringsliv i Årdal sikker levering av fornybar energi til konkurransedyktige prisar.
- Årdal Energi Holding AS skal ivareta Årdal kommune sine eigarinteresser og vere kommunen sitt fagmiljø innan fornybar energi.
- Iforvaltinga av eigarskapen, skal Årdal Energi Holding AS legge vekt på å byggje og bevare lokale arbeidsplassar basert på kompetanse, ansvar og trivsel, gjennom eit aktivt HMS-arbeid.
- Årdal Energi Holding AS kan delta som partner/aksjonær i felles næringsutviklinginitiativ som er i tråd med Årdal kommune sin strategiske næringsplan

**Årdal Energi Holding AS – framlegg til tilleggspunkt i vedtekter/styreinstruks (**følgjast opp i eigarskapsutvalet**)**

Punkta under gjeld for Årdal Energi Holding AS og 100% eigde datterselskap.

Kommunestyret ber kommunedirektør avklare kvar punkta skal inkluderast. Kva er mest passande; vedtekter eller styreinstruks?

Følgjande investeringsavgjerder og selskapsmessige endringar krev generalforsamlingsvedtak:

- Vedtak om investering over 10 millionar kroner der investeringsformål er vurdert til å vere innanfor gjeldande formål
- Vedtak om investering der investeringsformål er vurdert til å vere utanfor gjeldande formål, krev generalforsamlingsvedtak uavhengig av investeringsbeløp
- Vedtak om selskapsmessige endringar som vil få betydning for eigarforholdet krev generalforsamlingsvedtak
- Strategiplan skal vedtakast i generalforsamling

## **DEL 1**

### **2. Føremål med eigarmeldinga**

Målet med eigarskapsmeldinga er at det skal vera eit overordna politisk styringsdokument, der føremålet med dagens eigarskap vert drøfta. Vidare skal dokumentet synleggjera kva for mål og strategiar kommunen har med sitt eigarskap, etablera viktige prinsipp og retningslinjer for eigarstyringa til kommunen, rammer for utøving av leiarskap i ulike selskapsformer, og dessutan prosedyrar for politisk og administrativ oppfølging av selskapa.

Årdal kommune vil at kommunen sine selskap og føretak skal utvikle seg og vere samfunnsansvarlege aktørar innan sine ansvarsområde, og vere funksjonelle verktøy for kommunen si utvikling. For å sikre dette er det viktig at Årdal kommune er ein aktiv eigar som har ein tydeleg strategi i forhold til å engasjere seg i ulike selskap og føretak. Samtidig skal Årdal kommune vere ein tydeleg eigar i forhold til å gi styringssignal om kva kommunen ønsker av utvikling og resultat frå selskapa og føretaka. For å oppnå dette er det viktig med ei tverrpolitisk felles forståing for kvifor Årdal kommune eig aksjar i selskap, deltek i interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid, og har etablert kommunale føretak. Behovet for profesjonalisering av eigarrolla med eintydige styringslinjer- og signal aukar og med fleire og breiare eigarinteresser, kommunale føretak og interkommunale selskap.

Eigarmeldinga har to delar med fire hovudpunkt:

Del I:

- 1) Kommunal eigarpolitikk
- 2) Retningsliner for kommunal eigarutøving
- 3) Rutinar for kommunal eigarutøving

Del II:

- 4) Omtale av kvar einskild verksemd

I del II er verksemndene organiserte ut frå selskapsform.

For å sikre at eigarmeldinga blir eit godt styringsdokument for kommunen blir det lagt opp til at det blir gjennomført ein full revisjon av eigarmeldinga del I og del II kvart 4. år i etterkant av konstituering av nytt kommunestyre. Ei slik ordning vil gi kommunestyremedlemmane ei god innføring og påminning om kommunen sine forventingar til selskapa og til representantar som blir oppnemnt til å sitja i ulike styre på vegne av kommunen. I tillegg blir endringar i kommunen sine eigarskap handtert løpende gjennom eigne saker til eigarutvalet og kommunestyret.

Oversikt over endringar mellom kvar fulle revisjon skal ligge sist i dokumentet.

### **3. Kva ligg i eigarstrategiar, selskapsstrategiar, samfunnsansvar**

Ein klar eigarstrategi gir rammer for kommunen sine eigarskap i selskap, samt angir kva kommunen ønsker å oppnå på kort og lang sikt. Eigarstrategien skal legge premissane for korleis kommunen skal drive aktiv styring og kontroll av selskapa og føretaka, og synleggjere prioriteringar, tiltak og resultatkrav som kommunen har overfor det enkelte selskapet. Dette vil vere med på å sikre at selskapet blir utvikla i tråd med målsettingar som eigarane har sett. Ved at kommunen og politikarane utviklar ein eigarstrategi for kvart enkelt selskap, kan det i tillegg gi høve til reell kompetanseoppbygging hjå politikarane, bidra til å legge grunnlaget for ein konsistent og føreseieleg politikk overfor dei ulike selskapa. I samband med dette kan ein vise til KS prinsipp for eigarskap, der ein mellom anna tilrår at føremål og strategiar drøftast jamleg, og at det om nødvendig blir gjort endringar i selskapsavtalane.

Selskapa sine føremål skal tydeleggjerast i vedtektenes/selskapsavtalen, og innanfor rammene av dette må styret sørge for å ha klare mål og strategiar for si verksemnd. Ein grunnleggande føresetnad for at styra skal kunne lage selskapsstrategiar, som skal sette retninga for arbeidet til selskapa, er at det finst ein klar og presis eigarstrategi. Her skal eigaren sine forventningar til selskapa vere formulert, anten det er knytt til finansielle mål, produksjonsmål eller innanfor andre viktige område.

Årdal kommune har som grunnleggjande prinsipp at kommunen sine selskap og føretak skal vere samfunnsvarlege aktørar innan sine ansvars- og tenesteområde. FN sine berekraftsmål og dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: klima/miljø, økonomi og sosiale tilhøve skal ligge til grunn.

Kommunen er avhengig av innbyggjarane sin tillit, og det er kritisk at kommunen sørger for å ivareta eit godt omdøme. Det er difor forventa at selskapa som kommunen har eigarinteresser i har verdiar og haldningar som underbygger god forretningsskikk, og at dei er seg bevisst sitt samfunnsansvar.

## 4. Organiseringsalternativ for kommunal verksemd – val av selskapsform



### Arbeid med revisjon:


Arbeid med revisjon starta med folkevaldopplæring 27.11.24. Kommunestyret deltok. KS konsulent ved Tom Gundersen og Dag-Henrik Sandbakken var hyra inn og stod for den faglege delen.

Ei administrativ arbeidsgruppe har førebudd saka. Årdal utvikling har vore representert i arbeidsgruppa.

Kunnskap, erfaring og innspel frå folkevalldagen er lagt til grunn for revisjon.

### Sentrale tema i revisjon:

- Oppdatere selskapoversikt
- Eigarskapet i ulike organisasjonsformer
- Habilitet og roller
- Eigarskapssekretariatet/administrasjonen sine oppgåver
- Kommunestyret si rolle
- Prinsipp, styring og rutinar
- Eigarmøte og eigarorganet. styring og kontroll
- Vedtekter, føremål og styringsdokument
- Aktiv eigarrolle!



Figur 1: Synleggjering av alternative organisasjonsformer. Kjelde: BDO

#### 4.1. Organisering innanfor kommunen

Ut frå kommunelova står kommunen fritt til å organisere tenesteproduksjonen slik det ut frå lokale tilhøve er mest føremålstenleg. Gjennom kommunelova er det likevel synleggjort ei tydeleg to-delning, med ei politisk og ei administrativ organisering. I den administrative organiseringa synleggjer kommunelova administrasjonssjefen si (kommunedirektøren si) rolle som øvste leiar, der delegering av mynde skjer frå kommunestyret til denne funksjonen.

#### 4.2. Styre for institusjon

Kommunen kan velje å etablere eit styre for institusjonar og liknande (Kommuneloven § 5-10). Døme på dette er driftsstyre av skular, der ein set saman representantar frå brukarar, tilsette og politikarar. Styret får administrativ støtte frå skuleleiinga.

Oppgåver som ligg til driftsstyret kan eksempelvis vere:

- overordna ansvar for planlegging og oppfølging av verksemda
- vedta strategisk plan, årsplan og budsjett
- handsame saker om miljøretta helsevern, dersom saka berre rører eiga verksemd

Det er kommunestyret som vedtek å opprette og avvikle styre av denne typen. Slike styrer er rekna som andre kommunale organ.

#### 4.3. Interkommunale samarbeid

Organiseringa i ulike interkommunale løysingar kan vere ulike, frå berre eit forum for røynsleutveksling til overføring av ansvar og/eller utføring av oppgåver til eit anna rettssubjekt, til dømes ein annan kommune eller eit selskap. Lovverket knytt til interkommunalt samarbeid vart endra i ny kommunelov som tredde i kraft frå

1. januar 2020. Eit interkommunalt samarbeid kan skje gjennom eit interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap eller samvirkeforetak, ei foreining eller på annan måte det etter lovverket ligg til rette for. Kommunen deltek i dag i fleire samarbeid innanfor ulike område.

### **Samarbeid etter kontrakt (formlaust samarbeid)**

Eit slikt samarbeid har ikkje heimel i kommunelova. Det baserer seg på kontraktar som regulerer samarbeidshøvet mellom kommunane. Denne forma for samarbeid vert også kalla formlaust samarbeid. På grunn av at organisasjonsforma er tufta på kontraktar, vil rammene for organiseringa ligge i kva som gyldig kan avtalast mellom kommunane.

### **Interkommunalt politisk råd**

Kommunar kan saman opprette eit interkommunalt råd til handsaming av saker som går på tvers av kommunegrensene § 18-1. Eit slikt råd ikkje treffe enkelt vedtak anna en det som gjeld interne forhold om samarbeidet, inkludert tilsetting av sekretær. Ein kan forvalte tilskotsordningar, gi høyringsuttalar, aktiv samfunns- og næringspolitikk, pådrivar og kontaktpunkt, osv. Rådet kan ikkje yte tenester til kommunane. Det skal lagast skriftleg samarbeidsavtale mellom deltakarane i rådet.

### **Kommunalt oppgåvefellesskap (KO)**

To eller fleire kommunar kan opprette eit kommunalt oppgåvefellesskap for å løyse felles oppgåver §19-1. Organisering for å produksjonssamarbeid for mindre omfattande oppgåver. Oppgåvefellesskapet kan ikkje gis mynde til å treffe enkeltvedtak, men kan treffe vedtak om interne forhold i samarbeidet. Det skal lagast skriftleg samarbeidsavtale mellom deltakarane i oppgåvefellesskapet. KO kan vere eige rettssubjekt.

### **Vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 20-1**

Vertskommunesamarbeid inneber at ein kommune kan delegera til ein vertskommune å utføre lovpålagte oppgåver og fatte enkeltvedtak.

Vertskommunesamarbeidet har to variantar:

- Administrativt vertskommunesamarbeid (§20 - 2)
- Vertskommunesamarbeid med folkevald nemnd (§20 - 3)

Kommunelova er ikkje til hinder for at vertskommunesamarbeid også blir nytta når det gjeld ikkje - lovpålagde oppgåver.

Eit vertskommunesamarbeid vil ikkje vere eit sjølvstendig rettssubjekt, men er forankra i ein avtale som må vedtakast av kommunestyret sjølv.

### **4.4. Interkommunale selskap (IKS)**

Interkommunale selskap (IKS) etter IKS - lova er sjølvstendige rettssubjekt som rettsleg og økonomisk er skild frå deltakarkommunane. Det må vere fleire deltakarar i selskapet, og berre kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap kan delta. Kvar av deltakarane har eit uavgrensa ansvar

for ein del av selskapet sine samla forpliktingar. Samla sett skal deltakarane sin ansvarsdel utgjere selskapet sine samla forpliktingar.

Selskapet sitt øvste organ er representantskapet. Forvaltning av selskapet ligg til styret og dagleg leiing. Deltakarkommunane utøver eigarskap gjennom medlemmer dei har valt inn i representantskapet. Etter IKS - lova § 6 ligg det til kommunestyret å velje representantar til representantskapet. Valretten kan ikkje delegerast. Med unntak av dei tilsettevalde styrerrepresentantane, blir styret valt av representantskapet. Styret har forvaltningsmynde, og må utøve myndet innanfor ramma av selskapet sine føremål, selskapsavtalen og selskapet sitt årsbudsjett som blir vedteke av representantskapet.

Deltakarane kan tre frå samarbeidet med eitt års varsel jf. IKS-loven § 30. Når ein trer ut av selskapet er hovudregelen at deltakaren får utbetalt ein utløysingssum som er lik nettoverdien av andelen.

#### **4.5. Aksjeselskap (AS)**

Eit aksjeselskap skal ha ein minste aksjekapital på 30.000 kr, og må til ei kvar tid ha eigenkapital og likviditet som er forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet. Eit særtrekk ved denne selskapsforma er at deltakarane ikkje er ansvarleg for selskapet sine forpliktingar, med mindre dette er særskilt avtala. På den andre sida rår ikkje eigarane fritt over selskapet si inntekt og formue. Ønskjer aksjeeigarane å trekke ut midlar av selskapet, må dette skje etter nærmare reglar i aksjelova for utdeling av utbytte, nedsetting av aksjekapitalen eller oppløysing av selskapet.

Gjennom generalforsamlinga utøver eigarane det øvste myndet i selskapet. I generalforsamlinga kan eigarane gjennom vedtekter, instruksar og andre generalforsamlingsvedtak sette rammer og gi nærmare reglar for styret og dagleg leiar si leiing av selskapet. Det er generalforsamlinga som vel styret i selskapet .

Styret samla er øvste forvaltingsorgan, og dagleg drift vert ivaretaken av dagleg leiar. Selskapet vert leia av eit styre og ein dagleg leiar. Styret har det overordna ansvaret for forvaltninga av selskapet, og for at det vert drive i samsvar med selskapet sitt føremål og innanfor ramma av lovgevinga, samt selskapet sine vedtekter og instruksar fastsett av aksjonærane gjennom generalforsamlinga. Dagleg leiar står for den daglege leiinga av selskapet si verksemd, og skal følgje retningslinjer og pålegg som styret har gitt.

Dersom kommunen vurderer at det rette er å selja aksjane sine i eit aksjeselskap, vil aksjelova, saman med selskapet sine vedtekter og eventuell aksjonæravtale regulere nærmare korleis salet kan gjennomførast.

#### **4.6. Stiftingar**

Årdal kommune har valt å ta med stiftingar i eigarmeldinga sjølv om dei per definisjon ikkje har ein eigar. Bruk av denne organisasjonsforma er berre eigna for verksemd som kommunen ikkje har behov for å ha innverknad på, og der ein ynskjer ei tydeleg fristilling frå kommunen.

Ei stifting er ein formuesverdi som opprettarane av stiftinga har avsett for å fremja eit nærmare fastsett føremål. Opprettarane står fritt til å fastsette føremålet til stiftinga, som kan vere å fremje ei bestemt sak gjennom avkastning av kapitalen eller drifta ei verksemd som stiftinga sjølv driv.

Stiftingar er eigne rettssubjekt, men til skilnad frå selskap har stiftingane ingen utanforståande eigalar. Korkje opprettaren eller andre kan difor med grunnlag i eigedomsrett til midlane til stiftinga utøve styring over verksemda til stiftinga eller gjere krav på del i overskotet til stiftinga. I motsetnad til det som gjeld for selskap kan opprettarane heller ikkje fritt overføre stiftinga sine midlar til seg sjølv ved å oppløysa stiftinga. Om kommunen ikkje lenger ønskjer å stå som opprettar i ei stifting skal ein ta initiativ til å få stiftinga oppløyst. Saka skal då handsamast av styret, og Stiftingstilsynet skal til slutt godkjenne oppløysinga. Ved oppløysinga går ikkje grunnkapitalen attende til opprettarane. Det er avviklingsstyret og Stiftingstilsynet som avgjer korleis den totale kapitalen skal nyttast etter at kreditorane sine krav er dekt.

Dei to stiftingane Årdal kommune oppnemmer styremedlemmer til er registrert i Stiftelsesregisteret ([www.lottstift.no/stiftingstilsynet](http://www.lottstift.no/stiftingstilsynet)). I tillegg står Årdal Utvikling som opprettar av ei stifting (Stiftinga nasjonalparkfestivalen under Storen). Stiftingstilsynet har ansvar for forvalting, tilsyn og kontroll av alle stiftingar i Noreg etter stiftelseslova.

## **5. Selskapsrettslege forhold, representantskap, generalforsamling, styret, dagleg leiing**

### *Kommunale føretak og styringssistema til kommunen*

Årdal kommune sitt system og struktur, sine visjonar og etiske retningslinjer, løns- og arbeidsgivarpolitikk, kriseplanar, mål- og resultatstyringskonseptet m.m. gjeld òg for kommunale føretak. Årdal kommune som eigar skal ikkje ha direkte innverknad når det gjeld føretaka si leiing og daglege drift. Dette skal overlastast til styret og dagleg leiar.

Årdal kommune som eigar skal likevel sjå til at strategiane i styret og utviklinga i føretaket er i tråd med interessene til eigaren. Dette fordrar gode informasjonskanalar, og dessutan eit avklart tilhøve mellom kommunedirektøren og føretaka sine styre og dagleg leiar.

Kommunale føretak skal ha eigne vedtekter.

Per tida har Årdal kommune ikkje kommunale føretak.

### *Representantskap*

I interkommunale selskap er representantskapet den øvste styresmakta til selskapet. Eigarstyring ovanfor eit IKS kan berre skje gjennom representantskapet. Dette inneber at den enkelte deltakarkommunen ikkje kan

utøva styresmakt direkte overfor styret til selskapet eller administrasjonen. Kvar enkelt deltar skal ha minst éin medlem i representantskapet og minst like mange varamedlemmer som det er faste medlemmer.

Representantskapet har mellom anna følgjande oppgåver:

- fastsetting av rekneskap, årsbudsjett, økonomiplan,
- val av revisor
- vedtak om pantsetting av fast eigedom
- større kapitalinvesteringar eller vesentlege investeringar

I selskapsavtalen kan det dessutan verte sett fast visse saker som elles høyrer under styret, men som må godkjennast av representantskapet. Deltakarane i representantskapet må forholda seg til dei signala/instruksane som er gjeve av den eigaren dei representerer, det vil seia kommunestyret.

For eit IKS vert det etablert ein selskapsavtale.

### ***Generalforsamling***

Det øvste organet til aksjeselskapet er generalforsamlinga. Generalforsamlinga er organet til eigarane. Gjennom generalforsamlinga utøver eigarane den øvste styresmakta i selskapet. I generalforsamlinga kan eigarane gjennom vedtekter, instruksar og andre vedtak setja fast rammer og gje nærare reglar for styret og dagleg leiar. Det er òg generalforsamlinga som vel styret.

Aksjonæravtaler og eigaravtaler, i tillegg til stiftingsdokument og vedtekter, gjev rammer for eigarskapen.

Årdal kommune vil òg tilrå at generalforsamlingane/representantskapet gjennomfører evalueringar av styra.

### ***Styret***

I eit aksjeselskap vert selskapet leia av eit styre og ein dagleg leiar. I aksjeselskap med meir enn 30 tilsette har dei tilsette rett til styrerepresentasjon. Med unntak av dei tilsette sine styrerepresentantar vert styret valt av generalforsamlinga. Styret har det overordna ansvaret for forvaltinga av selskapet og for at det vert drive i samsvar med føremålet til selskapet og innanfor rammene av lovgjevinga, selskapet sine vedtekter og instruksar sett fast av aksjonærane gjennom generalforsamlinga. Styret har ansvar for økonomien til selskapet og for forsvarleg drift.

### ***Dagleg leiar***

Dagleg leiar er tilsett for å gjennomføre dei avgjerdene styret fattar, og dessutan forvalte den daglege og totale leiinga innanfor sitt myndighetsområde.

Det er viktig at dagleg leiar i selskapa og føretaka meiner at dei har tilstrekkeleg handlingsrom til å utvikla strategiar i samsvar med vedtekter/selskapsavtalar. Dagleg leiar skal førebu saker som skal handsamast i styret.

### ***Oppnemning av styremedlemmer i IKS og aksjeselskap***

I aksjeselskapa og IKS vert selskapsstyra oppnemnt av høvesvis generalforsamlinga og representantskapet.

Det er ansvaret til eigar å sørge for at styra vert samansett og vert gjeve dei naudsynte styringsrammene for å utøve virket sitt som eit profesjonelt organ. Eit profesjonelt styre som kollegium består av personar med eigna personlege eigenskapar som utfyller kvarandre både innan kompetanse og erfaring.

Reglane om kjønnsrepresentasjon i styra må følgjast.

**Økonomisk ansvar for representantane til kommunen i styret og dagleg leiar**  
Det følger av aksjelova § 17-1 at det enkelte styremedlem og dagleg leiar med fleire i eit aksjeselskap kan verte erstatningsansvarlege for skade som dei forsetteleg eller uaktsamt har valda selskapet eller eigarane. Selskap kan teikne styreansvarsforsikring.

**Habilitetsreglar ved oppnemning av styremedlemmer**

Frå 1.11.2011 vart reglane om habilitet i forvaltningslova endra. Det er reglane om inhabilitet for offentlege tenestemenn og folkevalde som òg er leiar eller medlem av styre eller føretaksforsamling i offentleg heileigde selskap som er skjerpa, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Lovendringa tyder at inhabilitet skjer automatisk for ein tenestemann eller folkevalt som òg er leiar eller medlem av styre eller føretaksforsamling i offentleg heileigde selskap, når saker der selskapet er part skal handsamast i folkevalde organ eller administrasjonen i kommunen.

Det bør difor takast omsyn til inhabilitetsreglane når kommunestyret skal velja styremedlemmer i selskap som kommunen eig. Kommunestyret står fritt til å velje kven som skal sitja i styret. Ein må likevel vere klar over at ein folkevald kan sjåast på som inhabil etter reglane i fvl., ved handsaminga av sak i dei politiske organa der selskapet er part i saka, og styremedlemlen har rolle som både folkevald medlem av det politiske organet og leiar/styremedlem i selskapet. Folkevalde eller tilsette i kommunen som er leiar eller har leiande stilling i selskapet blir omfatta av regelen i fvl. § 6 første ledd bokstav e. Bestemmelsen inneber vidare at kommunedirektørar, leiarar av kommunale forvaltingsgreiner og andre offentlege tenestemenn ikkje lenger bør veljast som medlem i selskapsstyre, då dei sjølv og deira underordna medarbeidrarar vert inhabile. Medarbeidrarar vil likevel kunne førebu saker som skal leggjast fram for politiske organ til avgjerd.

Vidare kjem reglane til bruk på medlemmer av styret til selskapet og føretaksforsamlinga.

Regelen kjem berre til bruk når vedkomande har den aktuelle stillinga eller verva, ikkje på tidlegare styremedlemmer. Habiliteten deira må vurderast etter fvl. § 6 andre ledd.

Medlemmer i representantskapet, generalforsamling eller andre eigarorgan er ikkje omfatta av § 6 første ledd bokstav e. Habiliteten deira må eventuelt vurderast etter fvl. § 6 anna ledd.

Med «selskap» vert det sikta til kvar og ei selskapsdanning som er eit eige rettssubjekt, som interkommunale selskap og aksjeselskap.

Folkevalde eller tilsette i Årdal kommune har plikt til å vurdere habiliteten sin ved handsaming av saker der det skal fattast vedtak i politiske utval eller som saksarbeidar, jf. fvl. § 6 og kommunelova § 40.

## 6. Årdal kommune si eigarstyring (roller og ansvar)

### *Rolla og ansvaret til kommunestyret*

Kommunelova regulerer funksjonen til kommunestyret, rolla og ansvaret som den øvste styresmakta til kommunen. Det er kommunestyret som kompetent, kollegialt organ som fattar fleirtalsavgjerder som eigarorgan og der eigarstyringa skal handsamast.

Relatert til selskaps-/føretaksetablering vert det føresett at Årdal kommune drøftar føremålet til selskapet eller føretaket før vedtak om etablering blir gjort. Drøftinga skal skje med tanke på å gjere ei føremålsvurdering av kvifor kommunen eig selskapet/føretaket. Dette er i samsvar med tilrådingar frå KS om vurdering og val av selskapsform. Kommunestyret skal med jamne mellomrom gjere ei vurdering av føremålet til selskapet og om det er behov for revidering av selskapsavtalen.

Kommunestyret bør formulere tydelege mål og forventningar til selskapet.

- Før etablering *direkte* gjennom val av selskapsform og i eigarstrategi.
- Ved etablering *direkte* gjennom føremål, styringsdokument og rammer for verksemda.
- Etter etablering *indirekte* gjennom eigarorganet, årsmøtet, eigarskapsmelding, årlege rapportar, årsmeldingar, kontroll og eigarmøte.

### *Rolla til kommunestyret og funksjonen overfor kommunale føretak*

Kommunestyret er sjølv øvste eigarorgan for kommunen sine kommunale føretak. Kommunestyret skildrar sjølv tilhøvet sitt til kommunale føretak. Årdal kommune skal evaluere sine kommunale føretak årleg gjennom årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding. Styret er ansvarleg for at dette vert målbore for kommunestyret.

Styret har òg ansvar for systematisk eigenevaluering.

### *Kommunestyret si oppnemning av medlemmer til generalforsamling og representantskap, og dessutan forslag til styrerepresentantar*

Kommunestyret oppnemner medlemmene til generalforsamlinga til selskapet/representantskapet og styremedlemmer til dei kommunale føretaka. Dette bør gjerast kvart fjerde år ved første konstituerande møte etter kommunestyreval.

Medlemmar i eigarskapsutvalet (personidentisk med formannskapet) skal ikkje vere styremedlemmar i selskap som Årdal kommune har eigarinteresser i

*Kommunestyret si delegering til formannskapet og ordføraren*

Kommunestyret si delegering til formannskapet eller andre organ går fram av kommunen sitt delegeringsreglement.

*Vedtaket til kommunestyret om kontrollfunksjonen til kontrollutvalet*

Kommunestyret sjølv skal vedta korleis forskrift om kontrollloppgåvene til kontrollutvalet skal ivaretakast. Kontrollutvalet si årsplan vert vedteke av kommunestyret.

*Eigarseminalret til kommunestyret*

Kvart fjerde år gjennomfører Årdal kommunestyre eit eigarseminar der eigarinteressene til kommunen, selskapsstruktur og føretaksstruktur er tema. Seminaret skal avklare korleis eigarrolla til kommunestyret skal utøvast, korleis eigarkommunikasjon til representantskap/generalforsamling skal skje og korleis kommunestyret som øvste eigarstyresmakt i ~~tilhøve til KF~~ skal forholda seg til andre eigarforhold. Tidspunktet for seminaret blir bestemt av eigarutvalet i samråd med ordføraren.

*Status i selskap og føretak, orientering til kommunestyret*

Kvart år skal det kallast inn til eit eigarmøte for aktuelle selskap og samarbeid. Dette skal vere ei munnleg og/eller skriftleg orientering til kommunestyret om status i aksjeselskapa til Årdal kommune, interkommunale selskap, kommunale samarbeid og kommunale føretak. Kommunestyret skal ha framlagt skriftleg årsrapport og årsrekneskap. Desse statusorienteringane dannar så grunnlaget for endringar i eigarinstruksar (retningslinjer for utøving eigarskap) og grunnlag for endringar i styreinstruks (retningslinjer for styret sitt arbeid).

*Eigarutval*

Kommunestyret opprettar eit tverrpolitisk utval som får ansvar for oppfølging av kommunalt eigde selskap. Utvalet bør ha få medlemmer, men det er viktig at desse har ein samla kompetanse som gjer at kommunen sikrar tilhøva til å kunne vere ein aktiv eigar overfor selskap der kommunen er eigar. Eigarutvalet får mellom anna ansvaret for å følgje opp styret til selskapet i følgjande saker:

- at vedtekter vert følgt,
- at pålegg frå generalforsamlinga vert følgt,
- at risikoen til kommunen vert halde på eit akseptabelt nivå.

Utvalet bør føreleggjast saker knytt til eigaroppfølginga til handsaming før sakene blir sendt til kommunestyret for endeleg handsaming. Utvalet bør vidare uttale seg før generalforsamlinga (kommunestyret eller styresmakta til den generalforsamlinga vert delegert til) fattar vedtak. Utvalet må òg til kvar ei tid ha i tankane at den kommunale eigaarden eller at selskapet bør avviklast, om naudsynt.

*Ordførar si rolle*

Ordføraren har inga formell lovpålagt rolle i tilhøve til kommunen sitt eigarskap, med mindre kommunestyret har gjort slikt vedtak. I Årdal kommune er ordføraren delegert styresmakt til å representere kommunen på generalforsamling og/eller representantskap. I slike møte opptrer ordføraren som representant for fleirtalet til

kommunestyret. Om ordførar sit i styret for eit av selskapa til kommunen skal vedkomande i utføring av dette vernet ivareta interessene til selskapet.

### ***Den enkelte folkevalde si rolle***

Den enkelte folkevalde har som medlem av kommunestyret ei eigarrolle gjennom rolla og ansvaret som medlem av kommunestyret. Den enkelte folkevalde har altså inga eigarrolle som einskildperson.

Den enkelte folkevalde har eit sjølvstendig og personleg ansvar for å setja seg inn i alle aktuelle saker som vert førelagt kommunestyret. Dette gjeld òg i alle saker som omhandlar eigartilhøvet til kommunen og eigarstyring.

Folkevalde som skal ha styreverv, eller som som skal representere Årdal kommune som eigar, skal ha gjennomført opplæring.

Folkevalde som representerer Årdal kommune som eigar, skal rapportere tilbake til eigarskapsutvalet i etterkant av representantskap, generalforsamling og liknande.

### ***Rolla til kommunedirektøren***

Kommunedirektøren har etter kommunelova ansvar for at alle saker som vert fremja til politisk handsaming skal vere fullt ut forsvarleg utgreidde. Dette gjeld òg i alle saker som omhandlar Årdal kommune si eigarstyring og eigarskap.

Kommunedirektøren har likevel ikkje instruksjonsstyresmakt overfor føretaka. Det er eigaren, det vil seia kommunestyret, som må trekke den endelege skiljelinja mellom det heilskaplege ansvaret til kommunedirektøren og føretaka sine ansvarsområde.

For å sikra eit definert ansvar og eit løpende fokus på arbeidet med eigarstyring og selskapsoppfølging bør Årdal kommune organisere arbeidet i eit eige eigarsekretariat i kommunedirektøren sin stab eller kjøpe tenester hjå eksterne.

Sekretariatet ivareteke ei rekkje oppgåver, som er sentrale i ein god eigarskapspolitikk, mellom anna:

- Førebr saker til eigarskapsutvalet og kommunestyret
- Bindledd mellom kommunen og selskap/føretak/stiftingar som kommunen er involvert i
- Halde seg orientert om selskapa si daglege drift, t.d. gjennomgang av styreprotokollar
- Planleggje eigarseminar og statusoppdateringar til eigarutval.
- Yte administrativ bistand til dei valde representantane og støtte ordførar i faglege spørsmål.
- Fullmakt til å oppdatere del 2 til eigarmeldinga ved endringar i faktaopplysninga om dei enkelte selskapa og samarbeidsavtalar.
- Ansvar for revisjon av eigarskapsmeldinga minst kvart fjerde år.

### ***Tillitsvalde si rolle***

Aksjeselskap og interkommunale selskap er eigne juridiske einingar og må ha eigne medlemskap i eit tariffområde for å omfattast av tariffavtalar. Døme på eit tariffområde er KS Bedrift sitt tariffområde. Medlemskap i KS Bedrift vil forplikta selskapa på dei tariffavtalane som gjeld i KS føretaksområdet.

Om kommunale føretaka ikkje har eigne medlemskap i KS Bedrift vil hovudtillitsvalde i kommunen òg vera hovudtillitsvalt for dei tilsette i dei kommunale føretaka.

#### ***Om styreverv registeret***

KS tilrar at alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap bør registrere verva i styrevervregisteret, [www.styrevervregister.no](http://www.styrevervregister.no)

## **7. Tilsyn og kontroll**

Kommunelova kap. 25 gjev vilkår for eigenkontroll i kommunen. Krav til eigarskapsmelding er heimla i kommunelova § 26-1 og krav til eigarskapskontroll er heimla i kommunelova § 23-4.

#### ***Eigarskapskontroll***

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om kommunen sine eigarinteresser vert utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og prinsipp for eigarstyring. Kontrollutvalet skal minst ein gong per valperiode utarbeide ein plan for eigarskapskontroll. Planen skal vere basert på ein ros- og vesentlegvurdering.

***Kontrollutvalet og revisor sin rett til å vere til stades i det operative eigarorganet***  
Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal varslast og har rett til å vere til stades i representantskaps-, generalforsamlingsmøte og tilsvarande organ i kommunen sine selskap. Kontrollutvalet og revisjonen skal få kopi av alle representantskaps- og generalforsamlingssaker som blir handsama i politiske organ i kommunen.

#### ***Kontrollutvalet bør fokusere på langsiktig eigarskap***

Det blir i lovverket fokusert på kontroll, men kommunen sine eigarinteresser bør og takast i vare gjennom strategisk framtidsretta visjonar. Kontrollutvalet bør fokusere på og bidra til at kommunen sine eigarinteresser er langsiktige. Kontrollutvalet kan utfordre og vere bidragsytar til at kommunen blir ein god eigar av samfunnsansvarlege verksemder.

#### ***Innsyn og offentlegheitslova***

Det skal vere openheit knytt til Årdal kommune sine eigarskap i selskap og interkommunale samarbeid. Saker frå selskapa som skal handsamast politisk i kommunen, skal leggast ut på kommunen sine nettsider. Etter offentlegheitslova sine reglar har alle rett til å be om innsyn i dokument og offentleg journal hjå kommunen. Offentlegheitslova gir og kommunen heimel til å unnata visse opplysningar og dokument frå innsyn, til dømes opplysningar som er teiepliktige ifølgje forvaltningslova sine reglar.

Offentlegheitslova må som hovudregel og følgast av selskap, stiftingar og andre typar rettssubjekt der det offentlege til saman oppnemner meir enn halvparten av medlemmene i det øvste organet. Det er og unntaksreglar frå dette i lov og forskrift. Dersom offentleg eigde selskap er i konkurranse med private medfører dette at reglane om offentlegheit ikkje gjeld.

## **8. Avvikling av eigarskap**

Kommunen har sett det som føremålstenleg å gå inn som eigar i ulike selskap. Kommunen har i desse tilfella eit kontroll- og tilsynsansvar overfor sine eigarinteresser i selskapa, og er oppteken av at selskapa oppfyller sine føremål samt overheld sine forpliktingar og sitt samfunnsansvar.

Det vil vere tilfelle då det kan vere aktuelt å avvikle eigarskapet i eit selskap, eventuelt at kommunen vedtek uttreden som eigar. Framgangsmåten for dette er nærmere regulert i lovverket samt i det enkelte selskap sitt stiftingsgrunnlag (vedtekter, selskapsavtale og eventuelt i andre avtaler). Kommunen vil vurdere slike verkemiddel i situasjonar der det aktuelle selskap til dømes opptrer i strid med selskapet sitt føremål og/eller opptrer på ein måte som ikkje er i tråd med kommunen sine verdiar. Vidare vil avvikling/uttreden vurderast i tilfelle der eigarskapet ikkje fyller ein hensikt og/eller er av passiv karakter.

## **DEL 2**

### **9.      Oversikt over selskap og samarbeidsformer**

Dokumentasjon for verksemndene har vore årsrekneskap og ev årsmeldingar, protokollar frå generalforsamling/representantskapsmøte, selskapsavtalar og vedtekter.

Meldinga omhandlar alle dei verksemndene kommunen har eigarskap i, og deira vidare eigarskap/dotterselskap. Verksemndene er først delt inn i type selskapsform: aksjeselskap, interkommunale selskap og samarbeid, og stiftingar. Dotterselskap av direkte eigarskap er skildra under morselskapet. Kommunestyret kan vedta å starte ein prosess med å avvikle eigarskapen i ulike selskap som kommunen har direkte eigarskap i.

#### **Selskap som Årdal kommune har eigarinteresser vert inndelt etter krav til grad av oppfølgjing:**

Selskap som skal ha høg grad av oppfølgjing (2 eigarmøter pr. år i tillegg til oppfølgjing i forkant av generalforsamling): Årdal Energi Holding AS inkl. dotterselskap og tilknytte selskap, Årdal Utvikling, Sogn Vekst AS og alle IKS

Selskap som skal ha middels grad av oppfølgjing (1 eigarmøte pr. år i tillegg til oppfølgjing i forkant av generalforsamling): ÅB Egedom AS og Visit Sognefjord AS

Selskap som skal ha mindre grad av oppfølgjing (oppfølgjing i forkant av generalforsamling): Sogneprodukt AS, Sognlab AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Sogn Sparebank og øvrige eigarinteresser.

## 10. Aksjeselskap

Eit særtrekk ved aksjeselskap er at deltakarane ikkje er ansvarleg for selskapet sine forpliktingar, med mindre dette er særskilt avtala. Nærare omtale av organisasjonsform i kapittel 4.

### 10.1. Årdal Energi Holding AS

<b>Føremål og verksemd</b>	<p>Årdal Energi Holding AS har som føremål å eige aksjar i Årdal Energi Nett AS og Årdal Kraftlag AS, samt aksjar eller andre eigardeler i selskap som sjølv driv verksemd innanfor energi, eller i selskap som eig aksjar eller delar i slike selskap.</p> <p>Selskapet sitt føremål er vidare å forvalte Årdal kommune si interesse i Årdal Energi Nett AS og Årdal Kraftlag AS.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Selskapa skal skaffe innbyggjarar og næringsliv sikker levering av fornybar energi til konkurransedyktige priser.</li> <li>- Selskapa skal skape verdiar for eigar, kundar og lokalsamfunnet, og syte for ei turvande, sikker og kostnadseffektiv energiforsyning som tilfredsstiller dei til ei kvar tid gjeldande krava til miljø og overordna myndigkeit, samt arbeide aktivt for god energiøkonomi.</li> <li>- I forvaltninga av eigarskapet til Årdal Energi Nett AS og Årdal Kraftlag AS skal det leggast vekt at desse verksemndene tek omsyn til lokale arbeidsplassar, og at det blir bygt opp arbeidsplassar basert på kompetanse, ansvar og trivsel gjennom eit aktivt HMS-arbeid.</li> </ul>
<b>Etablert</b>	23. mai 2019
<b>Sentrale forhold ved eigarskapet</b>	Eigarskapet skal sikre handtering av konsesjonskraft og sikker og trygg levering av energi til innbyggjarar og næringsliv. Eigarskapet skal sikre arbeidsplassar i Årdal.
<b>Aksjekapital/eigardel</b>	Årdal kommune 100% Selskapet sin aksjekapital er totalt kr 29.000.000,- fordelt på 100 aksjar pålydande kr 290.000,-.
<b>Forretningskontor</b>	Årdal kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova, Energilova
<b>Rammer for selskapet</b>	Vedtekter av 11.11.2019.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Årdal Energi har utarbeidd eige verdigrunnlag og etiske verdigrunnlag som set fokus på haldningar og åtferd som er forventa av den einskilde medarbeidar.
<b>Generalforsamling</b>	Ordførar i Årdal kommune deltek i generalforsamlinga.  Ved avgjersle som etter aksjelova krev eit bestemt fleirtal i selskapet si generalforsamling, krevst det eit fleirtal i kommunestyret tilsvarande aksjelova sitt fleirtalskrav i den aktuelle saka, for at den som på vegne av kommunen representerer aksjeeigaren på generalforsamlinga i selskapet skal kunne røyste for den aktuelle endringa på selskapet si generalforsamling.

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Strategiplan skal vedtakast i generalforsamling</li> </ul>		
<b>Val av styre, periode</b>	<p>Styret skal ha 5 medlemmer med varamedlemmer.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilsette i Årdal Energi Nett AS og Årdal Kraftlag AS skal samla ha 1 medlem i styret med personleg varamedlem. Desse skal veljast av og mellom dei tilsette i Årdal Energi Nett AS og Årdal Kraftlag AS.</li> <li>- Dei andre medlemmane og varamedlemmane skal veljast av generalforsamlinga.</li> <li>- Generalforsamlinga peikar ut styreleiar og nestleiar.</li> <li>- Dagleg leiar i selskapet, eller i Årdal Energi Nett AS og Årdal Kraftlag AS, kan ikkje veljast som medlem i styret.</li> </ul> <p>Styret vert vald for 2 år av gongen.</p>		
<b>Styresamansetting</b>	<a href="#">Nøkkelopplysninger fra Enhetsregisteret - Brønnøysundregistrene</a>		
<b>Styregodtgjersle og godtgjersle dagleg leiar</b>	<p>Styregodtgjersle:</p> <p>Godtgjersle for møte og andre oppdrag til styreleiar og styremedlemer vert utbetalt etter dei til ei kvar tid gjeldande satsar for møtegodtgjersle for folkevalde i Årdal kommune.</p> <p>Godtgjersle dagleg leiar 2019 kr 0,-. Dagleg leiar i Årdal Energi Holding AS er tilsett i Årdal Kraftlag AS.</p>		
<b>Kommunale lån – kommunens økonomiske engasjement</b>	<p>Konsernet har eit ansvarleg lån frå Årdal kommune på kr 10 000 000. Lånet er bokført hjå Straumnett AS som kvart år må svare rente av dette lånet. Renta tilsvara den gjennomsnittlege communalbankrenta gjennom rekneskapsåret + 1%.</p> <p>Konsernet kjøper konsesjonskraft frå Årdal kommune.</p>		
<b>Revisor</b>	BDO AS		
<b>Adresse, kontaktinfo, nettside</b>	<p>Utladalsvegen 1, 6884 Øvre Årdal      Telefon – 57 64 86 00  <a href="mailto:post@ardal-energi.no">post@ardal-energi.no</a>  <a href="http://www.ardal-energi.no">www.ardal-energi.no</a></p>		
<b>Nøkkeltal siste 3 år:</b>			
(1.000 kroner)	<b>2021 Konsern</b>	<b>2022 Konsern</b>	<b>2023 Konsern</b>
<b>Omsetnad</b>	132.542	182.496	141.774
<b>Driftsresultat</b>	17.544	60.246	41.066
<b>Årsresultat</b>	13.316	52.013	34.734
<b>Utbytte</b>	22.000	19.600	15.340
<b>Eigenkapital andel</b>	61,20%	59,10%	56,10%
<b>Rutinar for kartlegging, evaluering og oppfølging</b>	<p>Selskap som skal ha høg grad av oppfølgjing (2 eigarmøter pr. år i tillegg til oppfølgjing i forkant av generalforsamling)</p> <p>Styret har ansvar for forvaltninga av selskapet og selskapet sitt føremål. Styret skal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- syte for forsvarleg organisering og drift av selskapet etter dei retningslinjene eigaren gjev</li> <li>- utarbeide forslag til budsjett, årsmelding og rekneskap til generalforsamlinga.</li> <li>- fastsetje tariffar innanfor eigaren sine retningslinjer</li> <li>- utarbeide planar og strategi for verksemndene i konsernet i høve til hovudføremål og retningslinjer</li> </ul>		

	<ul style="list-style-type: none"><li>- føre løpende tilsyn med verksemndene i konsernet og sjå til at pålagde oppgåver vert utført i høve til lov, forskrifter og pålegg</li><li>- halde seg orientert om den økonomiske stoda og sjå til at det er etablert sikker kontroll for verksemda, rekneskapen og forvalte formuen.</li><li>- ivareta arbeidsgjevaransvaret for selskapet, samt syte arbeidsgjevaransvaret i Årdal Energi Nett AS og Årdal Kraftlag AS, under dette ivareta verksemndene sine arbeidsgjevarinteresser under lokale lønstringingar og vedta tingingsresultat</li><li>- tilsetje og seie opp dagleg leiar i selskapet, Årdal Energi Nett AS og Årdal Kraftlag AS og fastsetje løn til denne</li><li>- fastsetje instruks for dagleg leiar</li></ul>
<b>Mål/forventningar til eigarskapet</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Å sikre innbyggjarar og næringsliv sikker straumlevering til konkurransedyktige priser</li><li>- Å skapa verdiar for eigar, kundar og lokalsamfunnet</li><li>- Å utvikle ein kompetent organisasjon med arbeidsplassar i Årdal</li></ul>

### 10.1.1. Straumnett AS (tidl. Årdal Energi Nett AS)

